

Justis- og beredskapsdepartement
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:

2015/1567 - 9092/2015

Sakshandsamar:

Ingvill Skogseth 51 96 38 12

Dato:

19.03.2015

Høyring - organisasjonsplan for redningstjenesten

Vi viser til høyringsdokument med forslag til ny kgl. resolusjon om organisasjonsplan for redningstenesta.

Helse Vest RHF har følgjande kommentarar.


I organisasjonsplanen for redningstenesta kapittel 3-4, jf. organisasjonskart for LRS, er helse representert i LRS ved Fylkeslegen. I tillegg er Fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon foreslått som ny representant. Det står mellom anna at «Den lokale redningsentralen består av en redningsledelse, sammensatt av de viktigste samvirkepartnerne innen landredning.».

Spesialisthelsetenesta disponerer ambulanseressursar bil, båt og luftambulansenesta som ein del av helseføretaka sin akuttmedisinske beredskap. Spesialisthelsetenesta er såleis ein viktig samvirkepartner i tillegg til Fylkeslegen i redningsoppdrag.

I Sogn og Fjordane politidistrikt har spesialisthelsetenesta vore representert i LRS i tillegg til Fylkeslegen i fleire år.

Helse Vest RHF anbefaler at spesialisthelsetenesta ved det lokale helseføretaket blir representert i lokal redningsleing.

Med vennleg helsing



Hans K. Stenby
plansjef



Ingvill Skogseth
seniorrådgjevar

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: post@helse-vest.no